

VED GRAVA

Fager kveldsol smiler
over heimen ned,
jord og himmel kviler
stilt i heilag fred.

Berre bekken brusar
frå det bratte fjell,
høyr, kor sterkt det susar
i den stille kveld!

Ingen kveld kan læra
bekken fred og ro,
ingi klokke bera
honom kvilebod.

Så mitt hjarta stundar,
bankande i barm,
til eg eingong blundar
i Guds faderarm.

Ei varm takk til deg som var
saman med oss i dag.
Familien

Forrettande: Ingvar Fløysvik
Organist: Olav Arne Steinkopf
Solist: Bjørn Tore Henriksen, song
Solist: Jarle Hanstveit, trekkspill



Johanna Henriksen

★ 11.05.1925 † 22.08.2020

Arna kyrkje

28.8.2020



PRELUDIUM

Gabriels Oboe - Ennio Morricone

Opningssalme

Jeg er i Herrens hender når dagen gryr i øst.
Hver morgen han meg sender sitt ord med lys og trøst.
Hva dagen meg vil bringe av glede og av savn,
jeg kan på bønnens vinge få kraft i Jesu navn.

Jeg er i Herrens hender i alt som med meg skjer.
I smil og gråt jeg kjenner at Herren er meg nær.
Om jeg i dype daler må gå den tunge vei,
fra himlens høye saler hans øye følger meg.

Jeg er i Herrens hender når dødens bud meg når.
Mens lyset stilt nedbrenner, fra ham jeg hilsen får.
Han gir meg stav i hånde, han gir meg trøst i sinn,
og glemt er ve og vånnde på vei til himlen inn.

MINNEORD

SOLOSONG

Eg har ein engel - J. Kleppevik

SKRIFTLESING

SALME FØR TALEN

Ein fin liten blome i skogen eg ser, i granskogen diger og dryg,
og vent mellom mose og lyng han seg ter. Han står der så liten og blyg.

Om enn eg er liten, har Herren meg kjær, med honom eg kjenner meg sæl.
Kvar morgon meg bøna til himmelen ber, med bøna eg sovnar kvar kveld.

Som blomen om vinteren visnar eg av, men gled meg, for då står eg brud.
Lat lekamen kvila med fred i si grav, mi sjel, ho er heime hos Gud!

Ja, glad skal eg vakna hos Jesus eingong i morgonen æveleg klår,
og blanda med heilage englar min song i himlen, dit døden ei når!

TALE OG BØN

HERRENS BØN

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldharar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all æve.
Amen.

ETTER TALEN

Lei, milde ljøs, igjennom skoddeeim,
lei du meg fram!
Eg går i mørke natt langt frå min heim,
lei du meg fram!
Før du min fot; eg treng ei sjå min veg
så langt og vidt - eitt steg er nok åt meg.

Du veit det vel, eg bad ei alltid så:
Lei du meg fram!
Eg ville velja sjølv min veg, men no
lei du meg fram!
Eg ville leva fritt, var stolt og strid
og stor i mod - å, gløym den dårskaps tid!

Di makt hev signa meg, då veit eg visst:
Du leier enn
i myr og fjell og hei, og så til sist
ein morgon renn,
då til meg smiler engleåsyn blid,
som eg hev elska før, men mist ei tid.

POSTLUDIUM

Der roser aldri dør - J. W. Metzgar